

## **Handsaming i Oppvekst- og velferdsutvalet 03.02.2020:**

### Framlegg frå Sp v. Bjørn Borgersen:

Endring i pkt. 2 – Vinje kommune løyver kr. 50 000,- i 2020 og 2021.

### Framlegg frå Sp v. Kjetil Næssether:

Endring i pkt. 2 - Vinje kommune løyver inntil kr 100.000.- ekstra i kulturbudsjettet for 2020 til administrasjon av drifta. Summen skal evaluerast i samband med neste budsjetthandsaming.

Framlegget frå rådmannen pkt. 1 og 3 – 6 blei samrøystes vedteke.

Endring i pkt. 2:

Ein røysta fyrst om ein skulle løyve kr 50 000,- eller kr 100 000,-. Det blei vedteke med 6 mot 1 røyst at ein skulle løyve kr 100 000,-.

Ein sette deretter rådmannens framlegg opp mot framlegget til Næssether. Framlegget til Næssether blei vedteke med 6 mot 1 røyst.

- 1. Vinje kommune tar over ansvaret for drifta av Forsvarsmuseet**
- 2. Vinje kommune løyver inntil kr 100.000.- ekstra i kulturbudsjettet for 2020 til administrasjon av drifta. Summen skal evaluerast i samband med neste budsjetthandsaming.**
- 3. Vinje kommune godtar den avtala som ligg føre**
- 4. Vinje kommune har møte – og talerett på møter i Vener av Forsvarsmuseet**
- 5. Vinje kommune v/kultur lagar eit årshjul for Forsvarsmuseet**
- 6. Vinje kommune markerar 8. mai kvart år**

Saksordførar: Kjetil Næssether